

Vestland fylkeskommune

Dykkar ref.

Vår ref.  
16/534-83/KJA

Dato  
30.08.2019

## Vestland fylkeskommune – målvedtak i samband med fylkessamanslåinga

I samband med at fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane 1. januar 2020 skal slåast saman til ein ny fylkeskommune med namnet *Vestland fylkeskommune*, er det naudsynt med eit nytt målvedtak. Både Hordaland og Sogn og Fjordane er i dag registrerte med nynorsk som målvedtak.

### Framgangsmåte for nytt målvedtak

Eit målvedtak for Vestland fylkeskommune må gjerast av fylkestinget for den samanslåtte fylkeskommunen etter at fylkestinget har konstituert seg. Vedtaket kan gjerast av fylkestinget hausten 2019, altså før fylkessamanslåinga er gjennomført. Vedtaket kan ikkje gjerast av fellesnemnda for Vestland fylkeskommune.

**Språkrådet bed om at det blir meldt frå til Språkrådet når Vestland fylkesting har gjort målvedtak for den nye fylkeskommunen, eventuelt om fylkestinget har vedteke at fylkeskommunen skal vera språkleg nøytral.**

**Dersom ei slik melding blir send til Språkrådet seinast 16. desember 2019, vil Språkrådet syta for at målvedtaket kjem med i ei ny målvedtaksforskrift, som etter planen skal fastsetjast før nyttår, slik at ho kan gjelda frå 1. januar 2020.**

Dersom Språkrådet får melding om målvedtak etter 16. desember 2019, vil vi snarast råd registrera målvedtaket og endra målvedtaksforskrifta i tråd med vedtaket.

Målvedtak skal etter mållova § 5 tredje ledd meldast til departementet, som skal syte for å gjera målvedtaket kjent i statstenesta. Ei slik oversikt er fastsett i forskrifts form som *forskrift 1. april 2007 nr. 378 om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar* (målvedtaksforskrifta, sjå vedlegg). I 2016 delegerte Kulturdepartementet ansvaret for å oppdatera oversikta over kommunale og fylkeskommunale målvedtak til Språkrådet. Nye målvedtak skal difor meldast direkte til Språkrådet.

### Nærare om målvedtak etter mållova

Etter [lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste](#) (mållova) § 5 første ledd kan eit fylkesting gjera vedtak om å krevja ei viss målform, nynorsk eller bokmål, i skriv frå statsorgan til fylkeskommunen. Fylkestinget kan òg vedta at fylkeskommunen skal vera språkleg nøytral. Ein fylkeskommune som ikkje har gjort uttrykkeleg målvedtak, vil bli rekna som språkleg nøytral.



Når to eller fleire fylkeskommunar blir slått saman, blir dei tidlegare målvedtaka rekna som bortfalne, slik at den samanslåtte fylkeskommunen må ta stilling til om han skal gjera eit nytt vedtak. Inntil eit nytt målvedtak er gjort, vil den nye fylkeskommunen bli rekna som språkleg nøytral.

*Kommunale målvedtak* etter mållova § 5 har òg den rettsverknaden at dei ligg til grunn for kva som skal vera tenestemålet for regionale og lokale statsorgan, jf. [forskrift 12. mai 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste](#) § 5 andre ledd og mållova § 7.

### **Moglege endringar i forslaget til ny språklov**

Kulturdepartementet sende 23. august 2019 eit [forslag til ny språklov](#) på høyring. Den nye språklova skal m.a. erstatta dagens mållov. I forslaget kjem det fram at departementet vurderer å innføra reglar som vil innebera at fylkeskommunar ikkje lenger skal gjera eigne språkvedtak (det same som «målvedtak» i gjeldande mållov). I staden skal fylkeskommunar vera omfatta av same reglar som statsorgan med mindre enn heile landet som tenestekrins, såkalla regionale statsorgan.

Dette er eitt av to alternativ som er sende på høyring. Det andre alternativet er at fylkeskommunar framleis skal kunna gjera eigne målvedtak, slik dei kan etter gjeldande mållov.

### **Meir informasjon**

Vi minner om Språkrådets rundskriv dagsett 30. oktober 2017 til kommunar og fylkeskommunar som er involverte i samanslåingsprosessar. Rundskrivet er lagt ved dette brevet.

Dersom de har spørsmål, kan de ta kontakt med Språkrådet.

Vennleg helsing

Margrethe Kvarenes  
seksjonssjef

Kjetil Aasen  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

Mottakarar:  
Vestland fylkeskommune

Kopi til:  
Hordaland fylkeskommune  
Sogn og Fjordane  
fylkeskommune

Vedlegg:  
Forskrift om målvedtak\_2019      71402  
Rundskriv om målvedtak etter  
mållova i samband med  
kommune- og  
fylkessamanslåingar – nynorsk

